

Landbruks- og matdepartementet
postmottak@lmd.dep.no

Dykkar ref.:

Vår ref.: 09/988-3/10/102

Arkiv: N-640 Dato: 8. januar 2010

FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVA - HØYRINGSUTTALE FRÅ SVEIO KOMMUNE, HORDALAND

Godt nytt år!

Me viser til høyringsbrevet dykkar med vedlegg, datert 14. september 2009.

Sveio kommune sitt delegeringsreglement gjev ikkje klart uttrykk for kva kommunalt organ som skal gje uttale i høyringar som gjeld lovsaker. Saka er lagt fram for hovudutval teknisk/næring som er det politiske organet i kommunen som er gjeve mynde i saker etter jordlova. Utvalet har uttala seg slik:

16.11.2009 HOVUDUTVAL TEKNISK/NÆRING

Ref.sak nr. 34:

Høyringsdokument frå landbruks- og matdepartementet datert 11.09.09 og endringsforslag til jordlova blei delt ut på møtet. Orientering ved Geir Ragnhildstveit. Saka skulle eigentleg vore handsama som referatsak på HTN-møte 08/2009, men blei ved ein feil utegløymd då.

HTN signaliserer skepsis i høve til eit for sterkt vern i framtida og understrekar at det ikkje er ønskeleg med for mykje innstraming i høve til kommunal sjølvråderett.

HTN oppmodar rådmannen om å utarbeida framlegg til høyringsuttale

På grunn av at høyringsfristen er før neste møte i hovudutval teknisk/næring, lyt uttalen verta administrativ.

I Sveio kommune er det om lag 23 000 dekar jordbruksareal i alt. Om lag alt arealet vert nytta til grovfôrproduksjon ved slått og beiting. Vel 7 000 dekar er fulldyrka, om lag 3 300 dekar er overflatedyrka og det er innpå 13 dekar innmarksbeite i kommunen. Jorda i Sveio er svært oppdelt utan mange store samanhengjande områda med mykje god jord. Husdyrhaldet er omfattande og mange har gardsdrifta som einaste yrke eller hovudinntektskjelde. Det er satsa stort innan mjølkeproduksjonen dei siste åra, men òg i grisehaldet og på sau. Jordbruk er den dominerande næringa i Sveio kommune og betyr særskildt mykje for kommunen. Å ta vare på produksjonsgrunnlaget for jordbruket betyr mykje for busetjing og aktivitet i Sveio kommune.

Sveio har mykje areal som ikkje er eller kan nyttast til jordbruk. Mykje av utbygginga i kommunen har skjedd i slike område. Siste års rapportering i KOSTRA viser dette. Med god planlegging og forvaltningspraksis meiner me dette utbyggingsmønsteret i stor grad kan halda fram.

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org.nr.:	Bankgiro:	E-post:
Postboks 40	53 74 80 00	53 74 80 01	864967272	3201.45.98285	postmottak@sveio.kommune.no
5559 Sveio					
Fakturaadresse: Postboks 54, 5559 Sveio					

Jordvern står sterkt i nasjonal politikk og har stor vekt regionalt. På lokalt nivå er jordbruksarealet utsett for ganske stort nedbyggingspress når utbygging og vekst er aktuelt. Kommunane ynskjer størst mogleg sjølvråderett og jordvernet kan lett koma til å vika når andre interesser er på banen.

I lovframlegget er det tale om jord som har noko å seia for nasjonal eller regional mat- eller fôrproduksjon, og at areala skal ha ein viss storleik og liggja samla. I høyringsbrevet er det vist til at Statens landbruksforvaltning i si utgreiing har meint at føremålet med å innføra heimel for vern av dyrka jord er å hindra nedbygging av dei mest verdifulle og mest utsette matproduksjonsområda i Noreg, slik at det kan takast vare på og drivast no og i framtida.

Slik me forstår framlegget til heimel for vern av dyrka jord, vil ikkje Sveio kommune ha jord som er aktuell for vern. Sjølv om verneheimelen såleis neppe er aktuell for bruk i Sveio, har me valt å gje uttale, blant anna fordi jordvern gjeld evna til å produsera mat for alle innbyggjarane i landet.

Sveio kommune er positiv til at den beste jorda i landet som er utsett for utbyggingspress kan vernast. Med aukande folketal i landet og i verda, og med endra forbruksmønster for mat, vil etterspurnaden etter mat i verda verta større. Endra klimatilhøve kan òg slå uheldig ut for matproduksjonen. Truleg går me mot ei tid med mykje større trong for areal til matproduksjon. Innføring av norske reglar om vern av dyrka jord trur me kan vera eit bidrag frå landet vårt for å sikra nok mat i verda.

Med helsing

Bjarne Hetlesæter
avdelingsleiar

Geir Ragnhildstveit
seniorrådgjevar